

TILTAK VEDK. OMSORGSPLANEN

Saksprotokoll i Kommunestyret - 11.12.2008

Behandling:

Tore Gjelsten (Ap) sette fram følgjande framlegg i møtet

Framlegg I:

Endring i pkt. 10

-----en gang pr uke-----vert teke ut.

Guttorm Kjelsvik (Sp) sette fram følgjande framlegg :

Framlegg II

Pkt. 7 i innstillinga går ut.

Tore Gjelsten (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Framlegg III

Pkt.7

Tresfjord trygdeheim bør brukast i eit kort tidsperspektiv slik Trygdeheimen fremstår i dag.

Langsiktige tiltak:

Pkt.2

Bygge om PU bustadeer eller Tresfjord trygdeheim til eit bufellesskap for eldre.

Jørn Inge Løvik (H) sette fram følgjande framlegg:

Framlegg IV

Det bør i planperioden vurderes levetiden på trygdeheimen.

2 første linjen fjernes.

Avrøysting:

Det vart først røysta over Framlegg II framsett i møtet.

(Det var 26 voterande.)

Framlegg II sett opp mot framlegg III.

16 røysta for framlegg II

10 røysta mot framlegg III

Det vart så røysta over innstillinga med endringane i Framlegg i framsett i møtet.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret sitt endelege vedtak:

1. **Nedlegging av institusjonsplassar ved aktivitetssenteret**

P.g.a vanskeleg kommunøkonomi vert dei 7 plassane ved rehabiliteringsavdelinga stengt inntil vidare. Kommunestyret tek stilling til evt drift og driftsform (rehabiliteringsplassar eller sjukeheimplassar) ved budsjettbehandlinga for 2010.

2. **Demensomsorga:**

Tiltak: Administrasjonssjefen opprettar kommunalt demensteam for å kunne komme tidleg inn med kartlegging /oppfølging og informasjon om tenestetilbodet til demente, samt oppfølging og rettleiing av personalet. Tiltaket skal dekkast innanfor vedtekne budsjetttrammer.

Det skal tilretteleggast for at 1 plass v/ Oppigarden fast skal nyttast til utredning- og kartleggingsopphald

3. **Rehabilitering**

Tiltak : Administrasjonssjefen skal legge til rette for at fleire rom ved institusjonane skal nyttast til kortidsopphald og avlastning.

4. **Kreftomsorg**

Tiltak: Administrasjonssjefen oppnemner kommunale kreftkontaktar både i sjukeheim og i heimetenestene. Dei skal tidleg gi informasjon om kommunale tenestetilbod. Det gjeld også bruk av palliasjonsrommet på sjukeheimen. Kreftkontaktane skal koordinere samarbeidet mellom 1. og 2. linjetenesta, og gi opplæring til andre tilsette.

Eitt tilrettelagt rom ved sjukeheimen vert nytta til kreftomsorg, eller til andre med stort behov for smertelindring.

Tiltaket skal dekkast innanfor vedtekne budsjетtrammer.

5. **Omorganisering av dagsentertilbod**

Tiltak: Dagsenterdrifta vert omorganisert med verksemd på 4 dagsenter: Tresfjord, aktivitetssenteret, og Tomrefjord, samt dagsenter for demente på Myra.

Det skal vidareutviklast eit organisert og forpliktande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Dersom frivillige organisasjonar tek initiativ til å drive dagsenter på frivillig basis på Rekdal og Vike, betaler Vestnes kommune husleige og straum. Administrasjonssjefen får fullmakt til å inngå skriftlege avtalar med organisasjonar som tek på seg slik drift.

6. **Drift av kantine på Aktivitetssenteret**

Tiltak: Utleige av kantina til private etter anbudsutlysing. Kriteria ved anbudet må vere m.a. at kantinedrifta må samordnast med heimetenesta si drift. Administrasjonssjefen får mynde til å gjennomføre tiltaket.

Vestnes sjukeheim

Vidare oppgradering i 2009 med løyving i investeringsbudsjettet.

7. **Uønska deltid**

Vestnes kommune har i for stor grad uønska deltid blant tilsette i pleie- og omsorg.

Tiltak: Administrasjonssjefen må saman med organisasjonane arbeide målretta for å redusere uønska deltid innan omsorgstenestene.

8. Adm.sjefen skal utrede mulighet for transporttilbod fra ytterkantane i kommunen (ref. høyringsuttale Vestnes pensjonistlag). Dette kan samordnast med at legetimar legges til dei dagane det er satt opp transport. På den måten kan dei som bur langt fra sentrum nytte seg av sentrumsfasilitetar som lege, frisør, bibliotek, fotpleie, gå på kafe, handle osv.

Langsiktige tiltak utover 2011

1. **Vestnes sjukeheim**

Tiltak: **Påbygg Vestnes sjukeheim.**

2. **Omsorgstilbod mellom sjukeheim og omsorgsbustad**

Tiltak: Bygge om PU-bustader til eit bufelleskap for eldre. Det er på det noverande tidspunkt ikkje naudsynt å fastsette organisasjonsform på bueininga ; altså om dette skal vere utleigehusvære eller institusjon (aldersheim)